

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 16.05.19

FRÅ: Administrerende direktør

SAKSHANDSAMAR: Kari Ugland

SAKA GJELD: **Årleg melding Brukarutvalet Helse Fonna 2018**

STYRESAK: 22/19

STYREMØTE: 23.05.19

Administrerende direktør si orientering pkt.7

1 vedlegg

Årleg melding

Brukarutvalet Helse Fonna 2018

Samansetjing av utvalet

Medlemmer

Leiar Laila Stensletten	FFO Hordaland	
Nestleiar Janne-Elin K. Thronsen	Kreftforeininga	
Berit Askevold Eriksen	FFO Rogaland	
Synnøve Solbakken	Hordaland Fylkeseldreråd	
Einar Schibeavaag	FFO Rogaland	Medlem til juni 2018
Kjell Inge Bringedal	SAFO Sørvest	
Karl Olaf Sundfør	RIO	
Alf Anvedsen	SAFO Sørvest	

Varamedlemmer

Heidi Larsen Wåge	Kreftforeininga	Fast medlem frå aug 18
Else Berit Ingvaldsen	SAFO Sørvest	
Astrid Rørvig	Rogaland Fylkeseldreråd	
Steinar Kroka	FFO Hordaland	
Solfrid Eggen	FFO Rogaland	

Administrasjonen i Helse Fonna

Kari Ugland, Samhandlingssjef
Sølvi Torvestad, Samhandlingskoordinator

Saker, oppgåver og aktivitet

Brukarutvalet har hatt sju møte og like mange møte i eit mindre arbeidsutval (AU) for å førebu møta. I tillegg deltok Brukarutvalet på Helse Fonna sitt styremøte i juni. Brukarutvalet har gjennomført eit felles møte med Regionalt Brukarutval (RBU). Det har også vore arrangert eit felles møte og ein felles opplæringsdag med alle brukarutvala i Helse Vest. Det har og vore to møter i Felles Forum for leiar og nestleiar i BU i Helse Vest.

Det har vore fire møte første halvår der eitt har vore med styret i Helse Fonna, og tre møter andre halvår. Me har og vore på fellessamling for alle brukarutvala i Helse Vest.

Brukarutvalet sette av ein heil dag der me evaluerte arbeidet vårt. Tema på møte var: samarbeidsklima, kommunikasjon, effektivitet og framdrift. Me fekk hjelp av FOUSAM og HR i føretaket til evalueringsarbeidet.

Fokusområde for utvalet i 2018

- **Tema som har hatt spesielt fokus i utvalet i 2018**

Utviklingsplan for Helse Fonna

Pasientreiser

Rutinar for overføring av pasientar frå anna sjukehus

Bygg 2020

Utskrivingsklare pasientar

Krav til kvalitet og indikatorar

Prosjektet «Alle møter»

Brukarutvalet og styret i Helse Fonna har hatt eit fellesmøte.

Brukarutvalet hadde møte med styret i Helse Fonna 21. juni. Saker som vart tatt opp med styret var kvalitetssikring av bestillingar av pasientreiser.

Det vart og tatt opp problem med lang venting ved skadepoliklinikken ved Haugesund sjukehus, noe som også media har hatt fleire oppslag på.

Samhandlingsutvalet

Brukarutvalet er representert i Samhandlingsutvalet som har fokus på at brukarane skal oppleve ei samanhengande helseteneste på tvers av forvaltningsnivå.

I 2018 har utvalet arrangert Toppleiarforum der temaet var kommunane si rolle i høve til forskning.

Samhandlingsutvalet har vore referansegruppe under utarbeiding av Utviklingsplanen for Helse Fonna HF.

Det har vore mange presentasjonar frå ulike nettverksgrupper. Det er nå følgjande 10 fagnettverk i samhandlingsfeltet:

Nettverk for Akutt medisin, Barn og unge, Eldremedisin, Folkehelse, IKT, Kommunale ØHD

plassar, Kreftomsorg og lindrande behandling, Læring og meistring, Tuberkulose og Velferdsteknologi.

Prosjektet Barn- og unges helsetenester som vart fullført i 2017, men har blitt utvida med fokus på to nye grupper i 2018, ADHD og depresjon.

Retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Fonna og FOUSAM er revidert i tråd med føringar frå Helse Vest og nye nasjonale retningslinjer.

Det er i året 2018 vedteke «Handlingsplan for 2018-2020», med særleg fokus på tenesteavtalane 3. og 5.

Planen skal reviderast kvart år, første gong vinteren 2019.

Samhandlingsbarometeret som inneheld fleire indikatorar for samhandlingsfeltet har blitt presentert i utvalet. Barometeret inneheld mye informasjon som kan nyttast til diskusjon og forbetningsarbeid i kommunar og helseføretak.

Kommunalsjef Annbjørg Lunde frå Tysvær har vore leiar i Samhandlingsutvalet dette året.

FOUSAM sin plass i den nye Høgskulen på Vestlandet har vore på sakskartet ved fleire høve.

Det er kommunane, Helse Fonna og tidlegare høgskulen Stord / Haugesund som eig FOUSAM.

Nye retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Fonna

Helse Fonna har fått nye retningslinjer for brukarmedverknad i prosjekt og utval som er like dei regionale retningslinjene i Helse Vest. Retningslinjene gir føringar for opplæring, honorering, oppfølging og ivaretaking av brukarar samt organisering og administrering av brukarmedverknad.

Brukarmedverknad i helseforskning

Brukarutvalet samarbeider med FOUSAM, eining for forskning og utvikling innan samhandling (www.fousam.no), om rekruttering, registrering, brukarbank og oppfølging av brukarrepresentantar.

Fellesmøte med Regionalt brukeutval i Bergen 29. – 30. August

Tema som blei tatt opp og informert om var:

- Medikamentfrie behandlingssløp
- Pasient- og brukarombod i Hordaland og Rogaland

- «Utredning av effektivitets- og kvalitetsfremmande tiltak for pasientreiser ved rekvisisjon»
- Plansjef i Helse Vest RHF presenterte Helseføretakas utviklingsplanar etterfølgt av Workshop for brukarutvalas innspel til den regionale utviklingsplanen
- Samtykke og reservasjonsrett
- Orientering frå leiarane av brukarutvala i Helse Vest

Temasaker i 2018

På møta i Brukarutvalet har det vore informert om ei rekke tema dette året:

- Informasjon om forskingsseksjonen i Helse Fonna
- Brukar bank, rutinar for oppfølging og bruk
- Kvalitetsindikatorar og krav til kvalitet. Pakkeforløp. Status
- Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring
- Kvalitetsarbeid og arbeid med avvik, enkeltsaker og saker til Norsk pasientskade erstatning
- Vel møtt- prosjektet
- Brukarhuset, informasjon om organisering og drift
- Utviklingsplanen for Helse Fonna
- Bygg 2020

Brukarutvalet har gjeve høyringsuttale til:

Utviklingsplan for Helse Fonna

Det er sendt brev til administrerande direktør og styret om:

Bekymring knytt til fleire meldingar om manglande kapasitet, mange korridorpatientar, ikkje nok personale og høg risiko ved pasientbehandling føretaket.

Kvalitetssikring av bestillingar av pasientreiser og problem ved skadepoliklinikken ved Haugesund sjukehus.

Spørsmål om tilbod om brystkreftkirurgi ved Haugesund sjukehus

Problem med mat for pasientar med matallergi

BU deltaking i arbeidsgrupper og utval

Arbeidsgrupper/utval/samlingar	Namn
Arbeidsutval for habilitering og rehabilitering	Kjell Inge Bringedal Alf Anvedsen (vara)
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Hardanger sjukehusområde	Wenche Evensen Bodil Mikkelsen (vara)
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Haugalandet sjukehusområde	Janne-Elin Thronsen Alf Anvedsen (vara)
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Sunnhordaland sjukehusområde	Laila Stensletten Else Berit Ingvaldsen
Kvalitetsutvalet	Laila Stensletten
Toppleiarforum	Laila Stensletten Janne-Elin Thronsen
Samhandlingsutvalet	Laura Sofie Seltveit Nils Magne Kloster Laila Stensletten (vara)
Tvisteløysingsorgan SU	
Ressurspersonar for erfaringskonsulenten i FOUSAM	Laila Stensletten
Fagnettverk for barn og unge. Samarbeid mellom kommunar og Helse Fonna	Laila Stensletten/Janne-Elin Thronsen
Styringsgruppa. Samhandlingsprosjekt Barn og unges helseteneste	Laura Sofie Seltveit
Planlegge samling/fagdag for brukarmedverknad på rusfeltet	Karl Olaf Sundfør
Styringsgruppe utviklingsplan Helse Fonna	Laila Stensletten
Utviklingsplan Helse Fonna Prosjektdeltakarar	Einar Schibeavaag Karl Olaf Sundfør
Reinnleggelser. Langvarig koordinerte pasientforløp	Nils Magne Kloster
Gode pasientforløp for eldre og kronisk sjuke	Nils Magne Kloster

Byggeprosjekt 2020:	
Styringsgruppe	Laila Stensletten
Kvinne / barn	Janne- Elin Thronsen
Akutt somatikk/psyk/rus	Else Berit Ingvaldsen
Obs posten	Laura Seltveit
Intensiv/postop	Gerd Lise Dalen
Operasjon/dagkirurgi	Gerd Lise Dalen
Laboratorium	Janne- Elin Thronsen
Radiologi	Janne- Elin Thronsen
Fellesfunksjonar	Kjell Inge Bringedal
Hjarte/lunge/MIO	Tore Larsen
Nyfødt	Janne-Elin Thronsen
Rus/DPS	Karl Olaf Sundfør

Brukarutvalet sine satsingsområde for 2018

Pasientreiser, Utviklingsplan, Bygg 2020, manglande kapasitet på avdelingane, mange korridorpatientar som fører til høg risiko ved pasientbehandling i føretaket.

Forslag til satsingsområde for 2019:

Følgje opp Bygg prosjekt, Pasientreiser